



**drepte
og hardt
skadde**



TRYGG TRAFIKK

Sandslihaugen 30
5254 Sandsli
Postboks 7900
NO-5020 Bergen
Tlf: +47 41 20 61 32
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Fedje kommune som medlem i Trygg Trafikk

Trygg Trafikk er ein ideell organisasjon som samarbeider tett med dei ulike forvaltningsnivåa, både stat, fylkeskommunar og kommunar. Føremålet vårt er å arbeida for best mogleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper, med eit særskilt ansvar for barn og unge. Både landsomfattande organisasjonar, institusjonar, foreiningar, lag, verksemdar, kommunar og fylkeskommunar kan bli medlemmer i Trygg Trafikk.

Trafikktryggleik er viktig for alle, både høg og låg, og noko som engasjerer breitt. Sikre skuleveggar, arbeidsveggar og trygge nærmiljø er viktig for at folk skal trivast i kommunen. Me legg derfor vekt på lokale tiltak som trafikkopplæring, kampanjar og rettleiing, samt påverknadsarbeid mot sentrale mynde.

Viktige tilbod me tilbyr til kommunane:

- Bistand til kommunar som utarbeider trafiksikringsplanar
- Råd og rettleiing til foreiningar, lag og nærmiljøaksjonar som på ulike vis ynskjer å bidra til betre trafikktryggleik
- Kurs til barnehagetilsette og lærarar om trafikkopplæring av barn
- Kurs til helsestasjonar om sikring av barn i bil
- HMS-kurs kring trafikk for kommunalt tilsette etter ynskje
- Kursar barnehagelærarstudentar og grunnskulelærarstudentar
- Nyheitsbrev til alle medlemmer om aktuelle saker kring trafikktryggleik
- Gratis læringsressursar til barnehagar, skular og helsestasjonar
- Godkjenningssordninga Trafikksikker kommune
- Rettleiing kring etablering av Hjartesoner kring skular



**drepte
og hardt
skadde**



Bli medlem

Årleg medlemskontingent er kr 2500. For å lukkast treng me kommunar, organisasjonar og verksemdar med på laget. Me håpar de vil støtta arbeidet vårt. Saman bidreg me til betre trafikktryggleik. Innmelding i Trygg Trafikk kan gjerast her <https://www.tryggtrafikk.no/om-oss/bli-medlem-i-trygg-trafikk/>

eller sende ein epost til ein av oss i Trygg Trafikk Vestland.

Ta gjerne kontakt med oss om de har spørsmål eller ynskjer rettleiing kring noko av det me skildrar ovanfor i arbeidet dykkar.

Med venleg helsing
Trygg Trafikk

Knut Olav Nestås
Regionleiar Vestland
Tlf. 41206132
nestas@tryggtrafikk.no

Kjell Magne Seim
Seniorrådgjevar
Tlf. 90734980
seim@tryggtrafikk.no

Audun Heggstad
Seniorrådgjevar
Tlf. 95237438
heggstad@tryggtrafikk.no